

Arbeidsplan for Rogaland Nei til EU 2021

Rogaland Nei til EU skal i 2021 halda fram med å styrka folkeopinionen mot norsk medlemskap i EU samt bidra til å skapa debatt om konsekvensane EØS-avtalen har for norsk arbeidsliv og norsk samfunn, og bygga ein opinion for ei folkeavstemning om EØS.

- Me skal bidra til å visa korleis EØS-avtalen har endra det norske samfunnet og innskrenka handlingsrommet til dei fokevalde.
- Me skal føra EØS-debatt i media og arrangera debattmøte om EØS, helst med innleiarar frå både tilhengarar og motstandarar av EØS, og gjerne i samarbeid med andre organisasjonar i NEI-fronten: fagrørsla, bonderørsla, kvinneorganisasjonane, miljøbevegelsen og andre organisasjonar samt partia og ungdomspartia på NEI-sida.
- Me skal halda fram med arbeidet mot ACER-tilslutninga, fortsetta kronerullinga til søksmålet, og halda fram med arbeidet mot jernbanepakke 4 og andre EU-direktiv.
- Me skal delta på marknader, messer og konferansar i fylket, inkludert Rogaland-konferansen, dersom korona-situasjonen tillet det.
- Me vil arrangera ope møte: eksport frå fastlands-Norge under EØS-avtalen og handelsavtale — dersom korona-situasjonen tillet det. Me har fått UD-støtte til eit slikt møte, men då må møtet gjennomførast seinast 1. juli 2021.
- Me skal leggja til rette for at styremedlemmer og andre medlemmer kan delta på rådsmøte, leiarmøte, faglege konferansar, kvinnekongressar, landbrukskongressar og andre aktuelle møte og konferansar.
- Me har som mål å auka medlemstalet til rundt 2000 medlemmer i Rogaland Nei til EU.
- Me skal driva aktiv verving til Nei til EU.

- Me skal oppretta kommunekontaktar, helst i alle kommunar i Rogaland der me har medlemmer, helst også danna nye lokallag.
- Me skal ha oppdaterte heimesider og ei oppdatert Facebook-side.
- Medlemsbladet «Orientering» skal komma ut til alle medlemmer to gonger i året.
- Me skal ta initiativ til EU- og EØS-debattar på skolane.
- Vera i beredskap til annan EU-tilpassing.